



Volda  
kommune

Helse og omsorg

Arbeidstilsynet  
Postboks 4720 Torgarden  
7468 Trondheim

Vår referanse  
20/2396-4

Din referanse  
2020/29676

Sakshandsamar  
Elin Høydal Vatne

Dato  
14.07.2020

## Oppfølging av varsel om tilsyn – Volda kommune, saksnr. 2020/29676

Viser til brev av 22.06.20 der de gir oss høve til å kommentere om skildringa de har gitt er korrekt, før de eventuelt gir varsel om pålegg. Avdelingsleiar og sektorsjef har ferie i veke 30 – 33, så bed om at frist for eventuelle pålegg blir lagt tidlegast til veke 36.

Vi meiner at det kan ha skjedd ei mistyding i telefonsamtalen mellom avdelingsleiar i rus og psykisk helseteneste og Arbeidstilsynet, og korrigere dette gjennom denne rapporten. De skriv i brevet at det ikkje ligg føre nokon skriftleg gjennomgang av ulukka og vurdering av tiltak for å hindre at liknande hendingar skjer i framtida. De varslar at arbeidsgivar må gjennomføre ei slik kartlegging, at vi sender kopi av risikovurdering, ei oversikt over gjennomførte tiltak eller tiltak som er planlagt, med frist for gjennomføring, samt korleis verneombod har medverka.

### Villa politikk

Det er vanskeleg å unngå heilt at hendingar skjer der brukarar eller tilsette blir påført skade. Ein villa politikk fører stadig fleire oppgåver over på kommunehelsetenesta gjennom samhandlingsreforma. For målgruppa innan rus og psykisk helse betyr dette konkret at vi har fått ansvar for alvorleg sjuke som tidlegare budde i langtidsinsititusjonar, ved at behandling og oppfølging skjer i heimen ute i kommunane.

utforminga av det fysiske arbeidsmiljøet har vore viktig for å ivareta sikkerheit for både personale og brukarar.

Kommunane kan ikkje skjerme bebuarar eller bruke tvang etter helse og omsorgstenestelova, som spesialisthelsetenesta kan etter lov om psykisk helsevern. I møte mellom menneske blir kommunale verkemiddel å ha gode rutinar og kompetanse i å «lese» tidleg varsel om trugslar og vald, god opplæring i rutinar,

moglegheit til å kunne trekkje seg ut av situasjonar som kan vere farlege, fysiske omgjevnader som gir deg moglegheit til å kome deg i sikkerheit og be om bistand frå lege, spesialisthelsetenestene og naudetatar, dersom det er fare for liv og helse.

Kommunen har i aktuell sak varsla spesialisthelsetenestene om

#### Skriftleg gjennomgang

Compilo er det elektroniske kvalitetssystemet Volda kommune nyttar for dokumentasjon av internkontroll, kvalitetssikring, avvikshandtering og kvalitetsutvikling og hjelper oss i arbeidet med å sikre god kvalitet på tenestene vi leverer og i HMT arbeidet. Kvalitetssystemet skal sikre kontinuerleg utvikling av alle prosessar, skal fange opp avvik frå lov og forskrift, kommunen sine kvalitetskrav og sørge for at forbetringstiltak vert sett i verk. Kvalitetssystemet er ein arbeidsreiskap for alle tilsette og bidreg at dei og vernetenesta er involvert i kvalitetssikring og forbetningsarbeid.

Den aktuelle hendinga er levert inn skriftleg i Compilo av kollega som var på jobb samtidig som den skadde tilsette dagen etter hendinga; 08.06.20 kl 15:50 (vedlegg 1: avvik). Her har kollegaen skildra hendingsforløpet og lagt inn forslag til forbetring om å ta ein ny gjennomgang av gjeldande rutinar for vald og trugslar. Sjølve skildringa av hendingsforløpet er sladda med omsyn til at saka fortsatt er under etterforskning av politiet og det på eit tidspunkt blir beramma ei straffesak mot gjerningsmann. Seksjonsleiar har den 18.06.20 lagt til ein skriftleg kommentar om at der er behov for oppfølging av begge involverte i personalet, samt resten av personalgruppa i den aktuelle bustaden. Avdelingsleiar har etter gjennomgang av den skriftlege skildringa av hendinga konkludert at gjeldande rutinar er følgt i forhold til oppfølginga av den skadde og personalet og nødvendige tiltak er sett i verk.

Personalgruppa med seksjonsleiar og avdelingsleiar hadde ein dags samling for eigenomsorg og gjennomgang av hendinga den 16.06, der ein gjekk igjennom hendinga, rutinane og beslutta tiltak ein ville sette i verk for å hindre at slike hendingar kan skje igjen.

#### Risikoanalyser

Viser til vedlagte risikoanalyser av 2017, 2018 og 2019 (vedlegg 2: risikoanalyse 2019, 2018, 2017). Vi har gjennomført årlege risikoanalyser om våren, men i 2020 var det utsett til hausten, då det er sett opp eit 3-timers kurs for alle tilsette med

bedriftshelsetenesta Stamina Helse den 01.09.20. I tillegg er det sett av tid 15.09.20 der verneombod, dei tilsette sine representantar, avdelingsleiar og seksjonsleiar i rus og psykisk helseteneste gjennomfører ROS-analyse saman med Stamina helse (vedlegg 3: mail).

Gjennomførte tiltak i forkant av hending

- Implementerte rutinar for tidleg varsel, vald og trugslar 10.02.2012, med javnleg repetisjon og revisjon av desse (vedlegg 4: rutiner tidleg varsel, vald og trugslar rus og psykisk helseteneste)
- Grunnbemanning slik at ein alltid er to personale på jobb og i kontakt med brukarane for løpande risikovurdering.
- Vedtak om godkjenning av arbeidstilsynet for fysisk arbeidsmiljø 27.03.17.
- Tema på fagdagar i 2018 og 2019 (Vedlegg 5; årshjul 2020, 2019 og 2018)
- Månadlege fagmøter lagt inn i turnus, der ein går igjennom situasjon rundt brukarar og gjer vurderingar og samkøyre personal i forhold til faresignal ein plukkar opp. Fokus på rutinar rundt vald og trugslar, korleis plassre seg i rommet og tolke signal i møte med brukarane.
- 31.01.2019 Prosedyre ved heimebesøk (Vedlegg 6: prosedyre )
- Årshjul med god oversikt for tilsette for kompetansehevande tiltak, vegleining frå spesialisthelseteneste og samarbeid med politi. (vedlegg 5: årshjul 2020, 2019 og 2018)

Gjennomførte tiltak i etterkant av hending

- Jamleg oppfølging og samtaler med skadd tilsett, samt pårørande i heile perioden etter hendinga.
- 08.06.20: Debrief med personalgruppa i med seksjonsleiar, avdelingsleiar i rus og psykisk helseteneste, samt sektorsjef helse og omsorg
- 12.06.20: Planlegging av informasjonsmøte til alle tilsette i rus og psykisk helseteneste med verneteneste og dei tilsette sine representantar
- 15.06.20: Personalmøte/informasjonsmøte med tilsette med gjennomgang av hending med verneomboda til stades.
- 16.06.20: Fagdag for tilsette i , med fokus på eigenomsorg/debrief, gjennomgang av hending og aktuelle rutinar, samt evaluering av rutinar og iverksetting av tiltak
- 18.06.20: Avdelingsleiar og sektorsjef orienterer og går igjennom hending med hovudverneombod, personalsjef og hovudtillitsvalte.
- 25.06.20: Revidering av rutine for tidleg varsel, vald og trugslar (vedlegg 4: rutine)
- 30.06.20: Revidering av rutinar ved bruk av alarm (vedlegg 7: rutine)

Planlagde tiltak med tidsfrist

- Opplæring ROS-analyse m/Stamina helse 01.09.20 (vedlegg 3: mail)
- Gjennomføring ROS analyse 2020 med tilsette sine representantar 15.09.20 (vedlegg 3: mail)

Verneombod/tilsette sine representantar.

I kvalitetssystemet «Compilo» der tilsette leverar avvik, må verneombod og hovudverneombod lese alle HMT avvik, og plassverneombod har lesetilgang på sitt nivå. Begge kan legge inn kommentar dersom dei tykkjer det er område som bør forbeholdt, kvalitetssikrast eller evaluerast.

Plassverneombodet har vore med på risikoanalyser som er gjort i tenesta, utarbeiding av årshjul og kompetansehevingstiltak, samt godkjent rutinane som ligg føre i rus og psykisk helseteneste; som prosedyre ved heimebesøk og rutine i forhold til tidleg varsel, vald og trugslar. Hovudverneombodet i kommunen har vore med å utarbeida og godkjent rutinar i forhold til vald og trugslar som gjeld alle tilsette i kommunen (vedlegg 9: prosedyrar og retningslinjer ved vald og trugslar, Volda kommune).

Både plassverneombod i rus og psykisk helseteneste og hovudverneombod i kommunen har lest avviket, men ikkje gitt ytterlegare kommentarar til hendinga. Plassverneombod medverka i planlegging av informasjonsmøte til dei tilsette i rus og psykisk helseteneste og i gjennomføring av møtet med dei tilsette var både plassverneombod og hovudverneombod i kommunen til stades. Hovedverneombod har gått igjennom denne rapporten og har ingen kommentar til denne ( vedlegg 10: mail)

Konklusjon

Dette er skildring av det som er gjort i forkant og etterkant av aktuell hending for å hindre at slike ting skjer og ikkje skjer igjen. Hendinga fant stad i

\_\_\_\_\_ i. Personalet fulgte rutinar for vald og trugslar og kom seg raskt i sikkerheit trass skade, varsla naudetatar og leiing som bistod. Etter vår vurdering er det ikkje avdekket brot på interne rutinar og retningslinjer etter gjennomgang av hendinga verken i forkant, under eller etterkant.

Med helsing

Elin Høydal Vatne  
avdelingsleiar, rus og psykisk helseteneste

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.